



Festivalområdet vart friser i ettermiddag. Biletet er teke frå der scena skal stå

Vi har gått inn i opptrappingsveka mot Festidalen og det kjem til uttrykk i både informasjonsverksemd og arbeid på Dønhaug. No i ettermiddag er jordet klypt og hesjing kome igang.

Klokka 18 onsdag er alle frivillige som er fordelt på arbeidsgrupper innkalla ttil informasjonsmøte.

Klokka 19 i dag blir eit møte halde i Gamleskulen

Dette møtet er ope for alle men målgruppa er særleg naboane og alle som bur i området Skårhaug, Myro, Halsabråtet, Myklebust og Dønhaug.

På møtet vert det lagt fram ein vaktplan og tiltak for å hindra uønska ferdsel på privat område.

Festivalleiinga legg vekt på eit ryddig og korrekt tilhøve til nærområdet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen